

# Vi kallast Indre Sunnfjord

1.

Vi kallast Indre Sunnfjord, og er eit spel'mannslag  
som spelar fele dag og natt, vi trivast godt ilag.  
Kvar onsdag har vi øving, då er dei fleste med,  
og Sigmund er bekymra når vi ikkje får da te.

Vi prøver pålag så godt vi kan, sudelida sudelidei  
kvar kvinne og kvar mann, sudelida sudelidei.  
Men når spelet går for trått står vi opp i samla flokk,  
syng ein song med smil og lått, sudelida sudelidei.  
Tralla la la la, fyll opp ditt tomme krus.

2.

Av Sigmund har vi lært at skal vi spele riktig svært  
må snusen nedmed ondelippa vere rett plassert.  
At långe strøk er långe og dei korte ganske små  
er slikt som spel'mannslaget no omsider må forstå.

Vi prøver pålag så godt vi kan, sudelida sudelidei  
kvar kvinne og kvar mann, sudelida sudelidei.  
Når vi så omtrent har klart det siste knep i riktig fart  
kjem eit nytt, og alt blir svart, sudelida sudelidei.  
Tralla la la la la, fyll opp ditt tomme krus.

3.

Vi reiser tidt på kappleik og gjer det ofte godt,  
og mang ein gjeve 1. premie det har laget fått.  
Men skal vi stå på scena, vi tek det som ein sport  
at ingen smakar vått ell' tørt før oppdraget er gjort.

Vi prøver pålag så godt vi kan, sudelida sudelidei  
kvar kvinne og kvar mann, sudelida sudelidei.  
Men når oppdraget er gjort er det somme som fer fort,  
og kjem att og syng ein kort, sudelida sudelidei.  
Tralla la la la la, fyll opp ditt tomme krus.

4

Men trass at alle strevar og ikkje får da te,  
så stiller vi på øving, for vi vil vere med.  
Ja, felespel er meir enn ein hobby ska' de tru;  
ei livsform som ein ektemake av og te vil snu.

Vi prøver pålag så godt vi kan, sudelida sudelidei  
kvar kvinne og kvar mann, sudelida sudelidei  
å snu da døve øyret fram, du skjønna da går ikkje an  
å slutte vere spelemann, sudelida sudelidei.  
Tralla la la la la, fyll opp ditt tomme krus.

Tekst: Bjarthe Øvrebø  
Melodi: Ola Tveiten